

Kommunereform i høgt tempo



Startar diskusjonen. Fylkesmann Kari Nordheim-Larsen får pengar for å opprette ei prosjektstilling. Vedkomande skal jobbe med kommunereforma i vel to år. Foto: Anne Spånem

Komande kommuneval er truleg det siste som blir gjort i Bø kommune. Held regjeringa sitt opplegg blir kommunestyrevalet i 2019 i ein ny kommune.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Dei første kommunane skal alt fatte vedtak om å slå seg saman komande vår, altså om under eitt år. Ifølgje fylkesmann Kari Nordheim-Larsen kan dei første kommunane som gjer vedtak om å slå seg saman vere operative som nye kommunar frå 1. januar 2018. Den neste puljen er 1. januar 2020.

– Dette er dersom det går etter oppskrifta. Regjeringa har sett seg som mål å gjennomføre i denne perioden, seier Nordheim-Larsen.

Fylkesmannen som motor

Fylkesmennene har fått i oppdrag

frå regjeringa å få i gang prosessane i kommunane. I Telemark har Fylkesmannen arrangert eit møte med kommunane. Det var rett etter at meldinga om kommunereforma kom frå regjeringa i mai. No vil Nordheim-Larsen kalle inn til eit nytt møte 26. august.

– Då skal ikkje kommunane avgjere kven ein vil gifte seg med, men me vil ha ein friare diskusjon om kva som er problemstillingane og kva me må tenkje på. Eg kjem også til å delta i regionrådsmøte (blant anna Midt-Telemarkrådet), seier Nordheim-Larsen

Ikkje mandat til å presse

Ho er ikkje sikker på om det er rette plassen å starte med å diskutere kven, men ein må starte prosessen.

– Dette er ei kjempereform, den omfattar kommunane på mange plan, seier Nordheim-Larsen.

Ho seier at Fylkesmannen ikkje

har mandat til å presse, men at ein må bruke tid og prøve å selje inn reforma og sjå korleis det går. Ho understrekar at det er kommunane sjølve som bestemmer.

I dei kommunane som vedtek å slå seg saman først, det vil seie i løpet av våren 2015, vil det vere det sitjande kommunestyret som fattar vedtaket. Men det vil bli det påtroppande som skal detaljplanlegge. For dei kommunane som er litt seinare ute blir det det neste kommunestyret som gjer vedtaket, det blir valt hausten 2015.

Ekstra stilling

Fylkesmannen opplyser at den får pengar til ei prosjektstilling som skal gå over vel to år når det formelle vedtaket snart blir fatta i Stortinget. Den blir nok ikkje operativ før til hausten.

– Kva bør kommunane tenkje igjennom?

– Eg håpar dei ikkje henger seg

opp i alle detaljar, men løfter blikket og ser korleis kommunen skal sjå ut i framtida.

Ja til utgreiing

Bø kommune har tidlegare vedteke å gå for utgreiing av ei samanslåing av kommunane Lifjell rundt, det same vil Nome. Sist torsdag vedtok også kommunestyret i Sauherad å vere med på den utgreiinga. Initiativet til dette om frå ordføraren på Notodden i vinter.

Ordførar i Nome, Bjørg Tveito Lundefaret, opplyser at det ikkje har skjedd så mykje i dette arbeidet sidan det først er no at Sauherad formelt er med. Nome hadde også gjort vedtak om å utgreie Midt-Telemark, men fekk ikkje pengar til arbeidet frå myndighetene slik det var føresett.

Ønskjer berre Nome

– Dersom Nome får garanti om at

me kan halde fram på same nivå så er det heilt klart vårt primære ønskje, men regjeringa er så klar og farten så stor at den vil ikkje godta det. Den har mange moglegheiter til å tvinge oss, seier Tveito Lundefaret.

Sidan førsteønsket ser ut til å vere urealistisk meiner ho at ein må hive seg med i prosessen. Tveito Lundefaret opplyser at utgreiingsarbeidet som er sett i gong er slik at ein kan sjå kva ulike alternativ har å bety for den enkelte kommune. Ein ser ikkje berre på Lifjell rundt, som ho meiner mange ikkje ser på som førsteønsket.

– Det er spennande tider å vere lokalpolitikar. Det bør motivere folk til å stille på liste, det er no ein skal utforme den framtidige kommunen, seier Tveito Lundefaret.

Kvar skal gre

Kva meiner ordførarane i Bø, Nome, Sauherad, Notodden og Seljord om ei eventuell kommunesamanslåing?



Jon Svandøl - ordfører Seljord kommune

– Er du for eller mot kommunesamanslåing?
– Eg trur både er mogleg for å slå seg saman. Det er jo det som er utgangspunktet, og det er jo det som er målet. Men det er viktig at det blir gjort på ein måte som er god for alle. Det er viktig at det blir gjort på ein måte som er god for alle. Det er viktig at det blir gjort på ein måte som er god for alle.



Jørn Christensen - ordfører Notodden kommune

– Er du for eller mot kommunesamanslåing?
– Eg er for. Det er viktig at det blir gjort på ein måte som er god for alle. Det er viktig at det blir gjort på ein måte som er god for alle. Det er viktig at det blir gjort på ein måte som er god for alle.

SOMMERSALG
LYS SKAPER STEMNING

50%
PÅ EN REKKE LAMPER OG INTERIØRVARER

Kampanjeslutt 23. juli

BØ INSTALLASJON
STASJONSVEGEN 17 | 35 06 03 54

Har du en bilskade, ordner vi alt fra A-Å!
Vi har avtale med alle forsikringselskaper

Vi selger deler til bilen din.
Levering to ganger om dagen!

Tresland Bilskade
Gvarvvegen 60, 3800 Bø

Åpningstider:
Man -fre: 8.00 - 16.00
Tlf: 35 95 12 00
post@treslandbilskade.no

Mekonomen Bilverksted

NYHET!
SMART-REPAIR anlegg
Vi reparerer småskader raskere og rimeligere